

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Fagleg årsmelding 2022  
IKA Møre og Romsdal



## Innhold

1.	Føremål og ansvarsområde .....	3
2.	Organisasjon .....	3
2.1	Formelle organ .....	3
2.2	Tilsette .....	4
3.	Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal .....	5
3.1	Sikre arkiv for framtida .....	5
3.2	Eldre og avslutta papirarkiv .....	5
3.3	Sak-/arkivsystem og innsyn .....	9
3.3.1	Førespurnader – oversikt .....	9
3.3.2	Innsyn i rettsdokumentasjon .....	10
3.4	Digitalt skapt arkivmateriale .....	10
3.5	Prosjektarbeid i 2022 .....	11
3.6	Synfaringar .....	12
4.	Fylkeskommunale tenester .....	13
4.1	Privatarkivarbeid .....	13
4.2	Kulturnett Møre og Romsdal .....	14
4.3	FylkesFOTOarkivet .....	15
4.4	Fylkessenter for digitisering av kulturarven .....	17
5.	Personvernombod .....	21
6.	konferansar og anna .....	24
6.1	Kontaktkonferansen 2022 .....	24
6.2	Deltaking på kurs/konferansar .....	24
6.3	Samarbeid .....	24
6.4	Arkheion / AKSESS .....	25
6.5	Nettside og sosiale medium .....	25

## 1. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet hadde i 2020 28 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemene eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med medlemene arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemene, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemene. Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærmare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha eigne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemene, eller medlemene vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsyta i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført. Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmande. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

## 2. ORGANISASJON

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet til desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnader eller tek ut forteneste av desse.

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem. I tillegg har selskapet leigde lokale mellombels i Parkgata og på Sjøholt.

### Verneombod

Margrete Mork Müller vart i 2022 attvald til verneombod med Tove Nypan som vara.

### 2.1 Formelle organ

#### Styret:

Styremedlemar	Personlege varamedlemar
Ottar Brage Guttelvik (leiar)	Marta Beinset
Eirik Jenssen (nestleiar)	Arild Inge Kjersem
Kariann Bigset	Anne Berit Løset
Marianne Rotvær	Elisabeth Sande Mathisen
Synnøve Hunnes	Eldar Øye

Styret hadde 5 møte i 2022 og behandla 48 saker. 2 av 5 styremøte vart arrangert digitalt grunna koronapandemien.

## Representantskapsmøte

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Grunna koronapandemien vart representantskapsmøtet 2022 halde digitalt med møteleiinga samla på Vestnes 22.04.2022. 21 av eigarane var representert, som utgjorde 81,55 % av eigardelane.

Kjell Danielsen er leiar av representantskapet og Knut Sjømæling til nestleiar. Ottar Brage Guttelvik vart vald til styreleiar for selskapet og Eirik Jenssen som nestleiar. Årsmelding og rekneskap vart godkjende.

## 2.2 Tilsette

### Fast tilsette i selskapet var i 2022

Anne Tømmervåg	– fylkesfotoarkivar
Annelen Kirkhorn Tungevåg	– førstekonsulent digitisering
Birgitte Fjørtoft	– rådgivar arkiv (slutta i september)
Egil Woldseth Hessen	– førstekonsulent ordning
Guro Flø	– rådgivar arkiv
Henrik Leknes Syversen	– personvernombod
Ingunn Vestnes	– konsulent arkiv (50 % stilling)
Jan Aakvik	– nestleiar/rådgivar for Kulturnett Møre og Romsdal
Jesper Sode Hansen	– dagleg leiar
Joanna Pietruszka	– førstekonsulent ordning
Karen Vanessa Sundgot Gurskevik	– fagansvarleg personvernombod
Kari Olsen	– førstekonsulent ordning (50 % stilling)
Margrete Mork Müller	– personvernombod
Ottar André Breivik Anderson	– leiar SEDAK/fotograf
Sølvi J. Knudsen	– konsulent arkiv/administrasjon
Torbjørn Aasen	– rådgivar IT
Tore Fadnes	– rådgivar IT
Torstein Skeide Olsen	– rådgivar arkiv
Tove Nypan	– rådgivar arkiv
Vibeke Lunheim	– rådgivar arkiv
Zane Aboltina	– rådgivar digitisering
Åsta Vadset	– rådgivar privatarkiv

### Mellombels og timelønna tilsette

Andri Jónsson	– rådgivar arkiv
Emil Stokkevåg	– ordningsoppdrag
Lars Blix	– konsulent ordningsoppdrag
Malin Fuglset Simensen	– konsulent digitisering
Tom Erik Enger	– konsulent digitisering
Rannveig Strømmen	– Fylkesfotoarkivet

### Frivillig

Arnstein Slinning	– transkribering
-------------------	------------------

### Lærling

IKAMR er godkjend lærebodrift i fotograffaget. Piotr Cabaj starta hausten 2020 som lærling.

### Sjukefråvær

Sjukefråværet var i 2022 på 6 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 5,1 % av sjukefråværet er sjukemeldingar og 0,9 % er eigenmeldingar.

### Likestilling

Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.

### 3. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL

#### 3.1 Sikre arkiv for framtida

Prosjektet *Sikre arkiv for framtida* vart sett i gang i januar 2022 med det formålet å beskrive dagens magasinforhold og kartlegge behovet for magasinplass, både i den nærmaste og den uoverskodelege framtida. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for å samle inn informasjon om omfanget av uteståande arkiv hos eigarane våre for å kunne vite kor mykje arkiv IKAMR kan forvente å ta imot dei neste tiåra. I februar og mars 2022 gjennomførte IKAMR kartlegginga saman med alle eigarane våre. Det vart talt opp over 17000 hyllemeter med bevaringsverdig arkiv som IKAMR må vere i stand til å kunne ta imot i framtida.

Den kortsiktige konklusjonen i prosjektrapporten som vart presentert til representantskapet i april 2022 peikar på at dagens magasin var 80% fullt utnytta ved utgangen av mars månad. Det vart rekna med at mellom 4000 og 5000 hyllemeter arkiv ville kunne bli avlevert i løpet av dei neste fire åra fram mot 2025. Hovudsakeleg omfattar dette avtalte ordningsprosjekt. Med underkant av 3000 ledige hyllemeter i magasina måtte IKAMR finne ei mellombels løysing for å unngå inntaksstopp, som vart prosjektert å elles måtte kome i løpet av 2023.

Sommaren 2022 jobba arbeidsgruppa med å finne ei gunstig mellombels løysing. Ulike alternativ vart presentert og diskutert, bl.a. å sende arkivmateriale til mellombels oppbevaring i arkivdepot utanfor fylket. Det vart til slutt bestemt å pakke ned eit utval arkivseriar med minimalt innsynsbehov på pallar, og utplassere i eit lagerlokale i Møre og Romsdal, helst innanfor IKAMR si fysiske rekkevidde. Hausten 2022 søkte vi etter lagerlokale som kunne tilfredsstille dei krava som gjeld for informasjonssikkerheit og vern mot katastrofale truslar, og ulike alternativ vart drøfta. På styremøte 9. desember vedtok styret å inngå avtale om leige av eit lagerlokale i Sjøholt i Ålesund kommune, der IKAMR i 2023 skal utplassere over 2000 hyllemeter arkiv for mellombels lagring inntil nye magasin er på plass.

#### 3.2 Eldre og avslutta papirarkiv

Bevaring av arkiv er eit ansvar som ligg til alle offentlege organ. Kommunale arkiv er viktige historiske kjelder, og har stor verdi for både forvaltninga, samfunnet og det einskilde individ. Arkivlova med forskrifter seier at kommunal forvaltning skal ha ei depotordning for eldre og avslutta arkiv. Sentrale oppgåver knytt til eit papirdepot er mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. For å sikre optimal utnytting av magasina, har det dei siste åra vore nødvendig å legge inn ressursar for å flytte og komprimere store mengder arkiv. Vi har vidare arbeidd mykje med bestandsregistrering, rutinebeskrivingar og å få til gode arbeidsprosessar i høve mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. Dette arbeidet har dei siste åra gitt resultat.

##### Avleveringslister

Sjølv om fleire kommunar no jobbar med å få arkiva inn som prosjekt hos oss, har vi framleis nokre kommunar som gjer ordninga og listeføringa sjølv. Etter at Skansen (Aure) var avvikla hausten 2021 viser statistikken at det har vore færre saker knytt til avleveringslister i 2022. Utfordringa med ein arbeidsmetode der kommunane sjølv tek ordninga og listeføringa er at ei avleveringslistesak kan vare i fleire år, og at det etter ei tid knyter seg fleire avleveringslister til ei sak. Ei kjend sak er at kommunane ikkje har ressursar til å gjere ordninga og listeføringa fortløpende og at dei ofte brukar innleigde ressursar utan særleg kompetanse. Rettleiinga frå IKAMR blir gjort digitalt mykje av tida, men blir også knytt til kommunebesøk. Trass i at rutinar for ordning og listeføring har blitt meir likt det nye Hjelpeheftet, erfarer ein at rettleiing i ordning og føring av avleveringslister er tid- og ressurskrevjande for den enkelte rådgivaren.

## Mottak av arkiv

IKAMR tok imot arkiv 56 gongar i 2022 (35 ulike deponentar). Det er ein nedgang på 23 gongar frå året før, men ein oppgang på fem gongar frå 2020. Totalt vart det deponert 1154,63 hyllemeter papirarkiv i 2022. Om ein ser på dei siste seks åra tek vi imot i overkant av 1000 hyllemeter med arkiv per år. Tabellen under viser deponeringar til depot dei siste fire åra, og gir ei total oversikt over alle deponeringar, uavhengig av sektor.

2019	2020	2021	2022
1317	836,47	1609,78	1154,63

Av dei 1154,63 meter med arkiv vi har motteke er 245,7 meter privatarkiv. 908,93 meter er kommunalt arkivmateriale. Det meste er avlevert som ordningsprosjekt og den største deponenten er Surnadal kommune. Dei har deponert 179 hyllemeter til IKAMR i 2022. Tafjord Kraft er den største private aktøren. Dei har levert 100,66 meter til ordning, registrering og tilgjengeleggjering.


Nedanfor er ei oversikt over kor mange hyllemeter kvar einskild deponent har deponert. Ein kan sjå at med unntak av TAFJORD si deponering er deponeringar av privatarkiv små, medan eigarane våre deponerer store mengder papirarkiv.

Deponent	Omfang (hyllemeter)
Aukra kommune	74,2
Fjord kommune	116,5
Hareid kommune	14
Herøy kommune	2,3
Molde kommune	153
Møre og Romsdal fylkeskommune	60
Rauma kommune	63
Sande kommune	4,1
Smøla kommune	161,5
Stranda kommune	41,4
Sula kommune	16,9
Surnadal kommune	179
Syklyven kommune	1,5
Ulstein kommune	9,6
Volda kommune	10,4
Ålesund kommune	1,2
Arve Hammerøy (privatarkiv)	0,07
Asbjørn Gjeitnes (privatarkiv)	0,2
Atle Døslund (privatarkiv)	0,02
Bente Volder (privatarkiv)	0,27
Bjørn Halle (privatarkiv)	0,2
Eksportvegen AS (Blanda/Anna)	0,25
Fjord kommune (privatarkiv)	0,15
Giske kommune (privatarkiv)	2
Grete Ertresvåg (privatarkiv)	0,05
Gunnar Gundersen (privatarkiv)	0,3
Haram kulturhistoriske lag (privatarkiv)	9
Hareid kommune (privatarkiv)	46,2
Herøy kommune (privatarkiv)	9

Høgskulen i Volda (Stat)	13,75
Kåre Reidar Aasebø (privatarkiv)	0,6
Larsnes Idrettslag (privatarkiv)	0,25
Nasjonalforeningen for Folkehelsen, Møre og Romsdal fylkeslag (privatarkiv)	0,15
Norges Korforbund Sunnmøre (privatarkiv)	0,2
Runde Bedehus (privatarkiv)	0,05
Smøla kommune (privatarkiv)	0,65
Stordal kommune (privatarkiv)	0,6
Stranda kommune (privatarkiv)	0,25
Sunnmørsposten (privatarkiv)	0,7
Søndagsskolen Sunnmøre og Nordfjord krins (privatarkiv)	20
TAFJORD (privatarkiv)	100,66
Tingvoll Museum (privatarkiv)	33
Tingvoll Museum (privatarkiv)	4
Ulstein kommune (privatarkiv)	3,1
Aalesund Inner Wheel (privatarkiv)	
<b>Totalt</b>	<b>1154,63</b>

Vi ser ein klar auke av leveransar til ordningsprosjekt. Av tabellen under ser vi at dei største deponeringane frå eigarane kjem frå Surnadal kommune, Smøla kommune, Molde kommune, Fjord kommune og Aukra kommune.

Som følge av store avleveringer av arkiv til ordningsprosjekt i 2021 og 2022 har mottaksmagasinet blitt sprengt. Dette har ført til at det har vore nødvendig å bruke også dei andre depota som mellombels mottaksmagasin. Dette medfører en del meir arbeid med internlogistikk.



## Bestand

Dei siste tre åra har dei tilsette ved IKAMR arbeidd med å komprimere arkivbestanden for å få plass til meir. Totalt nyttar vi no 13 282 hyllemeter til dei deponerte arkiva. Av totalt 13 282 hyllemeter er 1257 hyllemeter leigd ut til eksterne leigetakarar og 563 hyllemeter er nytta av privatarkivordninga.

I fjor ordna, registrerte og kvalitetssjekka IKAMR 689 meter med arkiv. Av dette er 541 hyllemeter ferdigstilt kommunalt arkiv. Dette er ein nedgang frå 2021 på 475 hyllemeter. Det er to årsaker til nedgangen. For det første at kommunane ordnar i langt mindre grad arkivmateriale sjølv og vi har hatt færre ressursar på ordning enn tidlegare år.

År	2019	2020	2021	2022
Mengde hyllemeter ordna	622	1125	1164	689

## Asta-registrering og tilgjengeleggjering på Arkivportalen

Primæroppgåva for IKAMR er å forvalte og finne att etterspurd dokumentasjon i 13 000 hyllemeter arkiv. Å registrere arkiv i arkivkatalogen Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjon, er ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR. Ein god arkivkatalog med nøyaktig arkivbeskriving, bestandsregistrering knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om vi finn att dokumentasjon som blir etterspurd.

I 2022 har det blitt registrert 402 arkiv, 2368 seriar, 6229 arkivstykke og 50 255 mapper i Asta. Årsaka til halvering av resultat frå dei førre åra er mangel på ressursar på ordning og registrering. I tillegg har færre arkiv blitt ordna eksternt i forvaltinga.

Tabellen nedanfor gir ei fireårsoversikt over arbeidet i Asta:

**Tabell - Registrering i Asta og tilgjengeleggjering på Arkivportalen**

	Mengde per 31.12.2019	Mengde per 31.12.2020	Mengde pr. 31.12.2021	Mengde pr. 31.12.2022	Tilvekst 01.01.2022- 31.12.2022
<b>Registrerte arkiv</b>	3408	3977	4764	5166	402
<b>Registrerte seriar</b>	10 874	12 455	15 470	17 838	2368
<b>Registrerte stykke</b>	62 677	71 967	81 361	87 590	6229
<b>Registrerte mapper</b>	250 507	354 276	409 947	460 202	50 255
<b>Publiserte arkiv</b>	797	1252	2946	2 688	459
<b>Publiserte seriar</b>	2476	3686	12 768	8 881	2595

Tala gir ikkje eit korrekt bilde. For det første blir ikkje personregister registrert på mappenivå i Asta, men i eigne søkbare Excel-skjema. Desse tala er ikkje med i statistikken. Vidare har vi sletta einskilde arkiv og fått dei ordna og registrerte på nytt. Alle arkiv som blir ordna og registrert i Asta blir ved sluttføring publisert på Arkivportalen etter kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering.

I 2022 har vi trekt mange arkiv og arkivseriar frå Arkivportalen for å kunne fylle ut manglende metadata og utvide katalogane. Dette gjer at statistikkane ser dårlegare ut enn den eigentlege situasjonen tilseier. Tala frå Arkivportalen er såleis misvisande. Det er fleire publiseringar enn statistikken gir uttrykk for.

## Magasin

Alle arkiv som kjem inn blir beskrive, bestandsregistrert og publisert på Arkivportalen, men vi har eit etterslep frå tidlegare. Å få ei oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarer er essensielt for at vi skal finne den dokumentasjonen som er etterspurd på ein effektiv måte.

I 2018 starta vi med tiltak i magasina som vi har halde fram med kontinuerleg. Endringane gir forbetringar i logistikk, ordningsgrad og oversikt på dei eldre arkivbestandane våre. Logistikken i ordningsmagasinet som er knytt til ordningsavdelinga fungerer bra, men det er knapt med plass både i ordningsmagasinet og i dei andre magasina. Vi har frå 2019 starta med komprimering og grovordning av eldre bestandar. Trass i koronapandemien er vi komne godt i gang med komprimering og grovordning av eldre bestandar. Mot slutten

av 2022 ser vi at det omsider er færre bestander att å gjere, enn dei som er gjennomgått. Kommunane blir fortløpende publisert etter gjennomgang og grovordning.

I 2019 begynte vi med systematisk kartlegging av skadedyr i alle magasina. Desse kartleggingane viste at det måtte gjerast tiltak for å avgrense førekommst av mellom anna skjeggkre. I den forbindelsen vart det inngått avtale med Rentokil. Dei kartlegg bestanden årleg og legg ut åte for å halde skjeggkre- og sølvkrebestanden nede.

### 3.3 Sak-/arkivsystem og innsyn

#### Oppgradering Acos WebSak / Innføring SvarUt / Tilgang til folkeregistersøk

I forbindelse med at vi hausten 2021 oppgraderte til Acos WebSak 7 var planen å ta i bruk SvarUt for sikker digital sending av sensitiv informasjon til eigarane våre. Hausten 2022 kom SvarUt på plass etter ein lengre periode med testing og feilsøk. Det har til dels vore utfordrande og tidkrevjande då leverandør av programvara ikkje har greidd å halde lovnad på alle punkt i bestillinga. Samtidig har nokre få som har tenestleg behov fått tilgang til folkeregistersøk, noko som er til stor hjelp i attfinning av dokumentasjon i personopplysingssaker.

#### 3.3.1 Førespurnader – oversikt

Til saman er det registrert om lag 3700 journalpostar i 2022. Nesten 1800 av desse er inngåande førespurnader. IKAMR tek imot flest førespurnader frå kommunane sjølve. Det kan vere arkivfaglege spørsmål, men aller mest gjeld det innsyn i deponert arkivmateriale.

Vi deler opp innsynsførespurnader i fire kategoriar: Arkivfaglege/administrative spørsmål (AA) , avleveringslister (AL), innsyn historisk (IH) og innsyn sensitive personopplysningar (IP).

*I oversikta nedanfor er ikkje førespurnader til SEDAK, Kulturnett, FylkesFOTOarkivet og Personvernombod tatt med.*

Kommune	AA	AL	IH	IP	Sum
Aukra	2	1	1	0	4
Aure	2	7	6	6	21
Averøy	0	0	3	7	10
Giske	1	5	2	2	10
Gjemnes	1	0	1	0	2
Hareid	0	1	3	3	7
Herøy	6	9	14	9	38
Hustadvika	1	6	1	19	27
Kristiansund	2	16	12	50	80
Molde	2	0	14	32	48
MRFK	3	5	5	97	110
Rauma	0	0	10	2	12
Rindal	2	1	2	1	6
Sande	0	3	2	6	11
Smøla	0	0	3	3	6
Stranda	3	2	4	5	14
Sula	0	3	1	7	11
Sunddal	0	0	5	6	11
Surnadal	0	0	7	6	13
Sykylven	1	14	9	1	25
Tingvoll	1	1	0	0	2
Ulstein	1	0	1	9	11
Vanylven	0	1	3	2	6
Vestnes	0	0	3	6	9
Volda	3	73	4	4	84
Ørsta	5	35	4	5	49
Ålesund	3	2	47	40	92
<b>Saker</b>	<b>39</b>	<b>185</b>	<b>167</b>	<b>328</b>	<b>719</b>

Lesesalen er registrert nytt 40 gongar i 2022, og 298 arkivstykke er brukt på desse besøka.

### 3.3.2 Innsyn i rettsdokumentasjon

Ved utgangen av 2022 hadde IKAMR ca 3403 hyllemeter rettsdokumentasjon i depotet. 243 av desse kom inn i 2022. I 2021 hadde vi 3160 hyllemeter, der 467 av dei kom inn i 2021. Dette samsvarar med ein overordna oversikt som viser at IKAMR har tatt imot noko mindre arkiv i 2022 enn i 2021 – frå 1572 hyllemeter i 2021 til 1154 i 2022.

1/3 av dei 243 hyllemeterane med deponeringane i 2022 består av seriar som er rydda og ordna av kommunane , medan dei resterande 2/3 vart tatt inn som materiale på ordningsprosjekt. Ein auke i deponert materiale gjer at det kjem fleire innsynsførespurnader frå kommunane. Ei oversikt over mengda viser at året 2022 med 328 innsynsførespurnader i rettsdokumentasjon er det høgste talet førespurnader sidan 2016.

År	Mengde førespurnader
2016	200
2017	243
2018	266
2019	238
2020	192
2021	251
2022	328

Arbeidsmengda knytt til førespurnadene varierer frå enkel mappekopiering til innsyn som krev leiting i andre arkiv. For betre effektivitet i sistnemnde er vi avhengige av god kommunikasjon med kommunen, og tilstrekkeleg informasjon om innsynskrevjaren. Dei siste åra har det vore ein auke i krevjande innsynssaker, der personar gjerne ønsker å vite alt om seg sjølv. Dette fører til at saksbehandlinga vert utfordrande og behandlingstida lengre.

I tillegg til innsynsarbeidet har det 2022 vore jobba med å forbetre innsynsløysingane for rettsdokumentasjon der fleire av dei vart løyst i løpet av året.

1. IKAMR hadde ved inngangen til 2022 eit stort etterslep med å legge inn rettsdokumentasjon i Asta. Arbeidet med dette var ferdigstilt i september av tidlegare tilsett og resultatet av dette gjer at vi har god oversikt over kva for rettsdokumentasjon vi har og kvar den ligg i magasina.
2. I april 2022 fikk vi etter mange år endeleg rettmessig tilgang til folkeregistrert via Ålesund kommune etter ei godkjenning frå alle dei andre eigarkommunane. Dette er ein stor hjelpe i arbeide med innsynsførespurnadene og vil vere med på å styrke rettane til innbyggjarane i fylket vårt.
3. Ein annan viktig milepål som skjedde i 2022 var at vi i september endeleg fekk sende ut personsensitiv dokumentasjon via SvarUt. Dette gjer at vi ikkje lenger sender denne dokumentasjonen som rekommendert post, men kan sende det digitalt. I samanheng med dette har vi ein periode hatt tilgang til skanneutstyret hos SEDAK noko som har forenkla digitiseringsprosessen ytterlegare.

### 3.4 Digitalt skapt arkivmateriale

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkvinstitusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) med sine medlemsinstitusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltingssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og hos Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handtering av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Prosessar og rutinar og produksjonslinja for bevaring av elektroniske arkiv:

- IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
  - IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
- I) Mottak av Innleveringspakke SIP, deponering frå kommune/fylkeskommune  
 II) Lage Arkivpakke AIP av innlevert/deponert Innleveringspakke SIP  
 III) Laste opp Arkivpakke AIP i KDRS sitt depotforvaltingssystem i Trondheim  
 IV) Lage Formidlingspakke DIP av Innleveringspakke SIP/Arkivpakke AIP

Resultat i 2022 for bevaring av digitalt skapt arkivmateriale for alle 27 kommunar samt fylkeskommunen:

- Klargjort 30 system (14 SIARD fagsystem og 16 Noark 5-uttrekk) på 3 TB i IKAMR for opplasting til depotforvaltingssystem. Opplasting utsett til 1. kvartal 2023 på grunn av eit nytt pakkeverktøy for så store uttrekk til depotforvaltingssystemet.
- Totalt bevart 26 system på 295 GB (4 fagsystem og 22 Noark 5-uttrekk) opplasta til IKAMR depotforvaltingssystem
- Godkjent 35 system (19 fagsystem og 25 Noark 5-uttrekk)
- Totalt godkjent 199 system (75 fagsystem og 133 Noark 5-uttrekk)
- Deponert 35 system på 67 GB (35 fagsystem og 0 Noark 5-uttrekk)
- Totalt deponert 427 system på 6 TB (317 fagsystem og 91 Noark 5-uttrekk)
- Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT-regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS Utforming av felles prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
- KDRS Produksjonslinje – Bevaring og formidling av elektroniske arkiv
- KDRS Produksjonslinje – Malsett for ordning av gamle Noark- og fagsystem med bruk av Documaster Decom og malsett for arkivsystem
- KDRS Produksjonslinje – Formidling av gamle Noark- og fagsystem frå SIARD-uttrekk produsert av KDRS Produksjonslinje

### 3.5 Prosjektarbeid i 2022

I samsvar med Selskapsavtalen §4 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgiver.

Ordningsmedarbeidarane har gjennomført Asta – basiskurs som eit ledd i kompetansehevinga.

I 2022 har IKAMR vore involvert i følgande prosjekt:

Objekt-kode	For kven og kva	Status
2002	Sandøy – ordning av arkiv	Påbegynt
1000	Averøy - prosjekt 2 – ordning	Ferdig
1001	Møre og Romsdal fylkeskommune - digitisering av arkivdel 652/652 T07	Signert
1002	Rauma kommune – digitisering av byggesak	Påbegynt
1005	Norddal – elverk	Påbegynt
1006	Sunndal – ordning av arkivmateriale	Påbegynt
1007	Kristiansund – ordning skulearkiv	Påbegynt
1010	Ørsta – pasientarkiv	Motteke
1011	Utviklingsmidlar, Idrettsarkiv	Påbegynt
1012	Tafjord Kraft	Påbegynt
1013	Molde – ordning	Påbegynt

1014	SUROFI – ordning	Ferdig
1015	Lærling	
1016	Stranda digitisering	Påbegynt
1018	Utviklingsmidlar, Santiteten	Påbegynt
1019	Utviklingsmidlar, Bevaringsplan	
1020	Raumaarkivet	Påbegynt
1021	Kristiansund - barnevern	Påbegynt
1022	Surnadal	Påbegynt
1023	Ulstein – ordning sentrale organ	Ferdig
1024	Ålesund byggesak	Påbegynt
1025	Ørsta VGS	Motatt
1026	Ulstein byggesaksarkiv	Påbegynt
1027	Møre og Romsdal fylkeskommune - etikettering av tannhelsejournalar	Ferdig
1028	Fjordarkivet	Motatt
1029	Høgskulen i Volda	Påbegynt
1030	Hareid – digitalisering byggesak, målebrev, vegarkiv	Ferdig
1031	Sula – ordning av personalarkiv	Ferdig
1032	Smølaarkivet	Påbegynt
1033	Kvalitetssikring 2022	
1034	Tingvoll ullvarefabrikk	Påbegynt
1035	Herøy, Ulstein, Hareid Landbrukskontor – digitisering	Påbegynt
1036	Norddal – digitisering av byggesak	Ferdig
1048	Aukraarkivet	Påbegynt

I 2022 vart det signert nye avtalar om ordning og digitiseringsoppdrag med:

- Aukra kommune – ordning av arkiv
- Utvida digitiseringsavtale med Ålesund kommune

Det vart avslutta prosjekt for desse i 2022:

- Ulstein kommune – ordning sentrale organ
- Møre og Romsdal fylkeskommune – etikettering av tannhelsejournalar
- Sula kommune – ordning av personalarkiv
- Hareid kommune – digitisering av byggesak, målebrev, vegarkiv
- Norddal kommune – digitisering av byggesak (opna att)
- SUROFI – ordning
- Averøy kommune prosjekt 2 – ordning

### 3.6 Synfaringar

IKAMR har vore på ei eller fleire synfaringar/kommunebesøk hos følgande i 2022:

- Møre og Romsdal fylkeskommune (kartlegging, fylkeshuset, Molde)
- Fjord kommune (nedpakking)
- Vanylven kommune (kartlegging, prisgiving)
- Giske kommune (kartlegging)
- Sande kommune (kartlegging)
- Hareid kommune (kartlegging)
- Vestnes kommune (kartlegging)
- Molde kommune (kartlegging, nedpakking. Også kartlegging av Nesset og Midsund)
- Surnadal kommune (nedpakking, kartlegging)

- Aukra kommune (nedpakking)
- Rauma kommune (nedpakking)
- Ørsta kommune (kartlegging)
- Sunndal kommune (kartlegging)
- Kristiansund kommune (kartlegging)
- Averøy kommune (kartlegging)
- Smøla kommune (nedpakking)
- Aure kommune (kartlegging, prisgiving)
- Gjemnes kommune (kartlegging, prisgiving)
- Rindal kommune (kartlegging)

## 4. FYLKESKOMMUNALE TENESTER

### 4.1 Privatarkivarbeid

IKAMR er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. 20 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er med i privatarkivordninga. Dette inneber at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdig arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemder mot ein kontingen per innbyggjar (2022).

Følgande er utført i privatarkivarbeidet:

- Rolla som fylkeskoordinerande ledd: samhandlingsplanen for privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal (utabeidd i 2020), der regionmusea er samarbeidspartnarar, vert nytta i privatarkivarbeidet i fylket. Nynorsk Kultursentrum er innlemma i nettverket og samhandlinsplanen i 2022.
- Møte i privatarkivnettverket i Møre og Romsdal med besøk frå Arkivverket, 21. april.
- Møter i det nasjonale privatarkivnettverket leia frå Riksarkivet.
- Rekruttering av nye deltakrar i privatarkivordninga: 20 er no medlemmar
- Stortingsmannsarkivet frå Høgskulen i Volda er tatt inn og deponert. Prosjektmedarbeidar har starta å ordne og listeføre arkivet.
- I 2022 fekk Vikebygd Sanitetsslag sitt arkiv 1925-2016 plass i Norges dokumentarvregister etter nominasjon frå IKAMR.
- Privatarkivsamlingar frå Herøy sogelag og Hareid kommune er deponerte i 2022.
- Synfaring av privatarkivsamlingane ved Surnadal kommune og Lokalhistorisk arkiv på Smøla.
- Arkivet etter forfattar Anne Karin Elstad vart i 2022 deponert ved Nasjonalbiblioteket etter samarbeid mellom stiftinga Elstadsamlinga, IKAMR og Nasjonalbiblioteket.

**Prosjekt med støtte frå Arkivverket:**

- I 2021 fekk IKAMR tildelt kr 400.000 i arkivutviklingsmidlar til innsamling, ordning, registrering og digitisering av arkiva etter Tingvoll ullvarefabrikk og Tingvoll tekstilarbeiderforening. Ordningsarbeid og listeføring er ferdigstilt. Listene ligg på Arkivportalen.
- I 2020 fekk vi kr 200.000 til revidering av bevaringsplan for private arkiv, eit arbeid som skjer i samarbeid med dei andre større privatarkivaktørane i fylket. Prosjektmedarbeidar er tilsett og godt i gang med arbeidet. Regionmusea, Nynorsk Kultursentrum, historielaga og kommunane er samarbeidspartnarar. Møte 28. september og 13. desember.
- I 2018 løvvde Arkivverket også kr 350.000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal, i samarbeid mellom IKAMR og Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette arbeidet vart starta opp i 2020, men er sett på vent til 2024 grunna situasjonen idrettslaga har kome i under koronapandemien.
- I 2020 fekk IKAMR tildelt 322.000 frå Arkivverket til ordning, registrering og digitisering av arkiva etter sanitetsforeiningane i Møre og Romsdal. Ordning og listeføring er ferdigstilt. Arkivlistene ligg på Arkivportalen.
- I 2022 fekk IKAMR og Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda kr 160 000,- til første året i eit to-årig

prosjekt med tittelen "Arkivet i demokratiets teneste; kvalifiserte kunnskapsprodusentar i høgare utdanning".

- Identifisering, ompakking, registrering og publisering til Arkivportalen av privatarkivbestanden ved IKAMR går for seg kontinuerleg.

### Formidling

- I 2022 samarbeidde IKAMR med Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda, om kjeldestudiar og kontekstualisering. Samarbeidet vil fortsette i 2023.
- Ulike foredrag med tema slektsforskning i samarbeid med Slekt og Data. Foredrag for fleire sanitetsforeiningar om Sanitetsarkivprosjektet i Møre og Romsdal. Foredrag med tema private arkiv for ulike foreiningar. Foredrag på ABM-konferansen i Møre og Romsdal, saman med Tingvoll museum, om samarbeidet om arkivet etter Tingvoll ullvarefabrikk.
- Besøk av Slekt og Data Ålesund, saman med FylkesFOTOarkivet, 14. september.
- Formidling på IKAMR sine sosiale medium-kanalar for å synleggjere verdien av privatarkiva og privatarkivarbeidet.
- Privatarkivrådgivar var på NRK Møre og Romsdal radio vedkomande plasseringa av Vikebygda Sanitettslag sitt arkiv i registeret for Norges dokumentarv.
- Privatarkivrådgivar saman med Vikebygda Sanitettslag i lokalavisa Møre i høve nominasjon av, og seinare plassering av, Vikebygda Sanitettslag sitt arkiv i Norges dokumentarvregister.
- Privatarkivrådgivar saman med arkivleiar og biblioteksjef i Volda kommune i lokalavisa Møre for å promotere privatarkivordninga.

### Konferanse, samlingar og kurs

- ABM-konferansen i Kristiansund, 26. og 27. oktober.
- Kontaktkonferanse for eigarkommunane våre i Kristiansund, 9. og 10. november.
- Privatarkivkonferansen i Bergen, 14. og 15. november.
- 3 møte i det nasjonale privatarkivnettverket for fylkeskoordinerande ledd (19. januar, 24. august og 8. november).

## 4.2 Kulturnett Møre og Romsdal

I 2022 har tilsett ved KnMR arbeidd 50% for kulturnett og 50% for IKAMR som nestleiar. Ansvar for å koordinere, følge opp og støtte fylkeskommunale tenester.

### Måloppnåing frå handlingsplan 2022

- Lasta opp digitisert materiale til Digitalarkivet. Ein av prioriteringane var å få starta opplasting av kommunale digitiserte møtebøker, men det arbeidet kom ikkje i gang.
- Lydfiler frå Stadnamnarkivet er sende til NB for digitisering og deponering.
- Stadnamnarkivet frå Høgskulen i Volda og Stadnamnarkivet frå Kartverket er førte i Asta og katalog skal i 2023 publiseraast på Arkivportalen.
- Delteke i Rådgivende Utvalg for Kulturarvsdigitalisering og i Samarbeidsrådet hos Arkivverket.
- Følgt opp dei fylkeskommunale tenestene og prosjekt relatert til desse.

### Aktivitet

- Leverte handlingsprogram til fylkeskommunen med budsjett for alle 4 fylkeskommunale tenester og søknad om auke i driftsmidlar, for driftsåret 2023. Rapportering og forslag til drift for 2023 – vart framlagt for Kulturdirektøren i møte 21. juni
- Digitalt uttrekk av KnMR sin nettstad og kulturkalender for bevaring
- Ajourføring av digitisert materiale hos IKAMR.
- Styremøte for IKAMR og Representantskapsmøte
- Møte i Rådgivende utvalg for kulturarvsdigitalisering, Nasjonalbiblioteket

- Møte i samarbeidsrådet i Digitalarkivet; innsiktsarbeid, brukarbehov, mål/målgrupper, foto/film/tale
- Landsmøte i Arkivforbundet
- Besøk frå Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Stipendiat frå Høgskulen i Volda
- Programkomite ABM-konferansen
- Presentasjon i fagsamling ABM
- Besøkt Arkiv Øst, opning av nytt bygg

#### **Konferanse/samlingar/kurs**

- KAI-konferanse Oslo
- ABM- og IKAMR-konferanse Kristiansund
- Fullføring av Lederkurs Samfunnsbedriftene
- Oppfølgingskurs - Hvordan måle utvikling av ledere? Samfunnsbedriftene

### **4.3 FylkesFOTOarkivet**

Fylkesfotoarkivet tek vare på fotohistoria i Møre og Romsdal fylke. Som del av dette arbeidet, har Fylkesfotoarkivet opparbeidd eit stort og stadig veksande fotoarkiv med både analogt og digitalt fotomateriale frå fylket.

Det analoge materialet er lagra i klimaregulert magasin på Sunnmøre Museum. Det digitale materialet som av personvernomsyn kan gjerast offentleg, er publisert i Fylkesfotoarkivets nettfotobase <https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no>. Nettphotobasen er Fylkesfotarkivet sin største og viktigaste formidlingsarena, og dessutan katalog for registrering av informasjon på enkeltbildennivå.

Fylkesfotoarkivet samarbeider med frivillige, private og institusjonar om innsamling, registrering og formidling av bilda. Fylkesfotoarkivet gir òg råd ved spørsmål om fotobevaring i fylket. FAK er i planleggingsfase for samarbeid med SEDAK om avfotografering av filmbasert materiale. Her vurderer ein behov for utstyr og metodar.

#### **Fysisk og digitalt arkiv**

Fysisk tilvekst i 2022 var på 6 arkiv/samlingar med til saman rundt 50 000 foto.

- Arkivet etter fotograf Gunnar Furmyr, sentral fotograf for Herøy sidan midten av førre århundre. Det meste er portrett.
- Samarbeid med fotograf Karl Otto Kristiansen for å ta vare på fotoarkivet. Prisvinnande fotograf lokalisiert i Ålesund. Privat og kommersielt materiale, reklame, oversiktsfoto av landskap og Ålesund by.
- Molvær-arkivet på 6347 ordrar er ferdig sortert og pakka om - sett inn i klimaregulert fotomagasin på Sunnmøre Museum.
- Flyfoto frå Haram, avfotografert av negativar som Haram kommune i si tid kjøpte av Widerøes Flyveselskap.
- 380 originale glassplatenegativ etter fotograf Olaf Storegjerde, sentral fotograf i Sande og Vanylven.
- Digitisering og registrering av foto frå Lystad-arkivet og Fylling-arkivet. Omtrent 5.000 negativar er avfotograferte og starta etterarbeidet på.
- Uteserien til fotograf Magne Mulvik frå Sunndal
- Fylkesfotoarkivet har motteke fleire mindre private fotosamlingar som skal digitiserast og leggast ut på nett, til dømes visittkortsamling med portrett frå Haram og papirkopiar av Romsdal Songarlag med meir.

## Nettfotobasen

- Mykje av arbeidstida i 2022 har gått til å arbeide med Fylkesfotoarkivet sin nettfotobase. Opplasting av nye bilde, registrering av bilde, og dessutan dagleg kontroll og klarering av mottekte brukarkommentarar.
- Mot slutten av året kunne nettfotobasen vise til over 231 300 bilde. Det stadig aukande talet på foto i nettfotobasen krev mykje oppfølging. Samstundes er det særskilt gledeleg å sjå at nettfotobasen blir mykje brukt og den skaper stort og aukande engasjement blant brukarar som ønsker å yte til informasjon på bilda. I 2022 fekk vi 1485 brukarkommentarar frå ihuga hjelparar rundt om i landet. Vi opplever at fotobasen blir sett på som ein særskilt viktig berar av kulturhistorisk informasjon.

## Bestillingar og førespurnader

- Nettfotobasen er òg den viktigaste plattformen der ein kan bestille foto frå Fylkesfotoarkivet. Vi tok i 2022 imot rundt 45 bestillingsordrar gjennom nettfotobase, e-post og telefon. Mange av bestillingane var til privat bruk, men vi fekk òg ein god del bestillingar på bilde til bokutgjevingar, TV-produksjonar, dokumentarfilm, utsmykking, utstillingar og grunnlag for modellbygging m.m. 36 bilde frå arkivet vart levert til ny baseutstilling ved VITI som omhandla industri og seterkultur.
- Fylkesfotoarkivet tok i tillegg imot rundt 30 førespurnader i løpet av 2022. Dei fleste førespurnader gjeld førespurnad om bildemateriale, ønske om avlevering av fotomateriale, rådgiving til handtering av skadd materiale eller korleis søke i nettfotobasen.
- Fylkesfotoarkivet har òg bistått kulturvernavdelinga i fylkeskommunen/Seksjon for kulturarv med eldre foto som grunnlag for tilbakeføring av bygningsdetaljar.
- I desember presenterte Hareid bibliotek dagleg bilde frå Fylkesfotoarkivet i årets julekalender på biblioteket si Facebook-side. Dei viste samstundes til Fylkesfotoarkivet sitt nettarkiv og moglegheita for å supplere bildeinformasjon <https://nb-no.facebook.com/hareidfolkebibliotek/>

## Frivillige og sogelag

- Fylkesfotoarkivet har eit vidt samarbeid med sogelag og frivillige, både med digitisering av arkiv og registrering av bilde. Fleire frivillige rundt om i fylket har fått opplæring i og tilgang til registrering av bilde i nettbasen til Fylkesfotoarkivet og gjer årleg ein viktig jobb der.
- Fylkesfotoarkivet fekk mot slutten av året inn ei større samling foto frå Ørskog historielag som skal digitiserast og leggast ut i nettfotobasen, der historielaget deretter gjer bilderegistrering.
- FAK samarbeider med Fiksdal Vel om vern av lokalt innsamla foto og publisering av foto på nettfotobasen.
- Samarbeid med Einar Ormset, barnebarn av fotograf Hans Ormset, (sentral fotograf i Aure frå 1911 til ca. 1945), med utveksling av filer frå tidlegare avfotografering av over 4000 glassplater og metadata på foto.
- Fylkesfotoarkivet arrangerte saman med Privatarkiv ved IKAMR besøk av Ålesund Slekt og data den 14. september. Gjennomgang av søkefunksjonar i nettfotobasen.

## Dugnad og ekstrahjelp

- Dugnad - Dei gjer der ein særskilt viktig innsats til fotobevaringa i fylket, i hovudsak gjennom ordning av arkiv, digital avskriving av fotografprotokollar, avfotografering av negativar, registrering av foto i nettfotobasen (Lystad prospektkort og Haram flyfoto/Widerøe) og oppdatering av informasjon på foto frå brukarkommentarar i nettfotobasen. Det har vore særleg fokus på digitisering av Fotograf Olav Lystad sitt arkiv og avskriving av protokollar. Avskriving av ordreprotokollar etter fotograf Molvær er no fullført medan avskriving av ordreprotokollar etter fotograf Haug Straumen og fotograf Guttorm Furmyr går for seg.
- Ekstrahjelp har arbeidd med arkivet etter fotograf Knut Fylling frå Sula og Magne Mulvik, Sunndal.

## Konferansar, samlingar og kurs

- Vårmøte i Fotobevaringsnettverket i Mo i Rana 7. og 8. juni på , der hovudtema var Kulturarvsdigitaliseringen og haustmøte i Arendal 9. november
- ABM-konferanse i Kristiansund 26. og 27. oktober med presentasjon av dei frivillige sitt tilskot til bildearkivet

- Workshop Identifisering og vern av fotografiske negativmaterialer på det nasjonale fotomuseet, 2. og 3. november. Fotoarkivar deltok saman med fotolærer Piotr Cabaj. Vi hadde òg avtalt å få møte reprofotograf på Preus Museum og dessutan å sjå fasilitetane i avfotograferingsstudio med tanke på vidare utvikling av eige utstyr.
- Landskonferansen i fotobevaring, Arendal 7. og 8. november. Tema: Kunstig intelligens og tilskot til fotobevaring

### **Utstyr og økonomi**

- Investert i to nye fag til hylleseksjonene i fotomagasin, ny dataskjerm, harddiskar, syrefri emballasje til fotomateriale m.m.
- Løn til ekstrahjelp utover det budsjetterte vart dekka av prosjekt og støtte frå eksterne aktørar, bl.a. tilskot frå Sula kommune til å jobbe vidare med fotoarkivet til Sula-fotografen Knut fylling og tilskot frå Hydro/Sunndal verk til å jobbe med Mulvik-arkivet.
- Inntekt frå sal av bilde er marginal, trass mange bestillingar.

### **Utfordringar**

- Fylkesfotoarkivet tar hand om over ein million analoge enkeltbilde som behøver ei nærmare oppfølging og gjennomgang for å få oversikt over innhald og tilstand. Dette vart det lite tid til i 2022, trass i at det var eit sterkt ønske om å starte opp med dette viktige arbeidet.
- Klimaregulert fotomagasin er fullt. Fylkesfotoarkivet har som nødløysing fått disponere nokre fag i IKAMR sine magasin i Kirkegata 10, der klima ikkje er tilpassa langtidslagring av foto.
- Vi opplever samstundes press frå både institusjonar og fotografar som ønsker å langtidsbevare kulturhistorisk viktig fotografisk materiale, der vi ikkje kan tilby klimaregulert magasinpllass.
- Også i 2022 vart Fylkesfotoarkivet spurt om å overta/sikre nyare fotoarkiv med fargemateriale frå den siste analoge perioden frå ca. 1975 til 2005. Fargemateriale krev høgare grad av klimaregulerte lagringsforhold. Fotografarkiv frå denne perioden utgjer ofte store mengder fotomateriale der mykje enno ikkje kan formidlast på grunn av personvern og der bestilling av foto krev meir ressursbruk. Materiale frå denne perioden finst det enno mykje av i privat eige rundt om i fylket og Fylkesfotoarkivet må rekne med å verte kontakta om å overta/sikre fleire fotografarkiv frå denne perioden i nærmaste framtid.
- Fylkesfotoarkivet opplever gjennom alle bestillingar og førespurnader, og dessutan det store engasjementet om brukarkommentarar, frivillig arbeid og dugnader, at Fylkesfotoarkivet er eit viktig og populært kulturhistorisk tilskot til allmenta. Det er likevel krevjande å få tida til å strekke til med berre ein tilsett til å ta ansvar for alle dei ulike ansvarsoppgåvene.

IKAMR er i gang med planlegging av nye lokale for verksemda. Fylkesfotoarkivet vil her kome med innspel om behovet for klimaregulerte magasin og arbeidsrom for foto.

## **4.4 Fylkessenter for digitisering av kulturarven**


SEDAK er digitiseringseininga for arkiv, bibliotek og museum, samt kulturverninstitusjonane i Møre og Romsdal. Ein tek òg oppdrag frå kommunar, lag og organisasjonar og private aktørar. SEDAK vart fast etablert 1. januar 2013, finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune og organisatorisk knytt til IKAMR. Tenesten er samlokalisert saman med IKAMR og FylkesFOTOarkivet.

IKAMR ved fagleg leiari for SEDAK, Ottar A.B Anderson, har gjennomført opplæring i bedrift for fotograflærer Piotr Cabaj. Opplæringa har følgt intern opplæringsplan og lærar gjennomførte og bestod skriftleg teoretisk fagprøve i fotograffaget i desember. Fotograflæringen legg ned ein betydeleg innsats i produksjonen og bidrar på høgt fagleg nivå i vidareutviklinga av tenesta. Læreperioden går fram til sommaren 2023 og er eit tydeleg bevis på at tenesta må skalerast opp tilsvarende 100% stilling som fotograflæringen har, for å kunne yte dei forventa tenestene som ABM-miljøet i Møre og Romsdal har behov for.

### **Fagleg prioritering gjennomført etter handlingsplan**

#### **Utviklingsprosjekt**

- Vidareføring av kvalitetssikringsprosjekt finansiert eksternt frå Arkivverkets utviklingsmidlar for 2022 «Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet». Samarbeidsprosjekt saman med Institusjonsfotografenes forening (IFF) og forskarmiljøet ved NTNU i Gjøvik, ColorLab og dataingeniør-bachelorstudentar ved Fakultet for informasjonsteknologi og elektroteknikk, Institutt for dاتateknologi og informatikk (IDI).



Arbeidsmøte ved NTNU i Gjøvik i mars 2022 saman med dataingeniør-bachelorstudentar ved Fakultet for informasjonsteknologi og elektroteknikk, Institutt for dатateknologi og informatikk (IDI)

F.v: Mikael Falkenberg Krog, Jakob Frantzvåg Karlsmoen, Martin Wighus Holtmoen og Ottar A.B Anderson

Foto: Ottar A.B Anderson / SEDAK

- Pilotprosjekt for VITI – Sunnmøre Museum «360 grader fotodokumentasjon av museumssamling». Resultat nyttal mellom anna for promotering av ny basisutstilling «Eg var her» som opna sommaren 2022 ved VITI – Sunnmøre museum. Fotografering og praktisk gjennomføring utført av fotograflærling Piotr Cabaj.



Fotograflærling Piotr Cabaj gjennomfører fotografering på lokasjon ved VITI – Sunnmøre museum ved bruk av mobilt studio. Foto: Piotr Cabaj / SEDAK



Emaljekunst frå ukjend kunstnar. Frå samlinga til  
VITI – Jugendstilsenteret.  
Foto Piotr Cabaj / SEDAK



QR-kode med direktelenke til 360 graders visning.

- Videreføre utvikling av kompetanse og nettverk innan digitisering ved bruk av ny teknologi og metodar, samt handtering av arkivmateriale.

#### Prosjekt utført for ABM-miljøet

- VITI – Sunnmøre museum, stillbilde fotodokumentasjon av delar av Jugendstilsenteret si samling og KUBE-samlinga. Prosjekt utført ved magasinet ved VITI – Sunnmøre museum.
- Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, stillbilde fotodokumentasjon av store objekt i samlinga. Prosjekt utført i studio i Ålesund.
- Tingvoll Ullvarefabrikk, digitisering av privatarkiv, ekstern finansiering gjennom tildeling av arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket
- Sanitetsarkiv, digitisering av privatarkiv, eksternt finansiert gjennom tildeling av arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket
- VITI – Jugendstilsenteret, digitisering og print-reproduksjon av Jugendstilplakatar
- Romsdalsmuseet, digitisering av dagbøker Jonas Lied-arkivet
- Stadnavn kart Halsa kommune med fleire
- Bud kommune, møtebøker
- Digitisering av byggesak, landbruk og andre tekniske arkiv for eigarkommunane til IKAMR

Totalt digitiserte/mediekonvertete arkivdokumentsider for året 2022 = **20 967 med bruk av kamera.**

#### Gjennomførte kurs/workshop

- Fotograflærling Piotr Cabaj gjennomførte saman med fylkesfotoarkivar Anne Tømmervåg kurset «Identifisering og vern av fotografiske negativmaterialer», arrangert av fotokonservator Jens Gold på Preus museum - det nasjonale fotomuseet i Horten.

- Ottar A.B Anderson gjennomførte kurset «Quality Management in Digitization» ved ZEUTSCHEL i Tübingen, Tyskland. Gjennomføring av reise og deltaking var dekt med ekstern finansiering gjennom tildeling av prosjektutviklingsmidler frå Arkivverket.

#### Studiereiser

- Deltaking på Color & Imaging Conference, Arizona, og ISO/TC 42 JWG 26 arbeidsmøte ved Library of Congress, Washington DC, USA. Gjennomføring av reise og deltaking var dekt med ekstern finansiering gjennom tildeling av Arkivarforeningen sitt reisestipend.
- Skjølingstad Uldvarefabrikk i Mandal i høve Tingvoll-prosjektet, gjennomføring av reise og deltaking var dekt med ekstern finansiering gjennom tildeling av arkivutviklingsmidler frå Arkivverket til prosjektet.

#### Faglege publikasjonar og faglege innlegg på konferansar

Norsk Arkivråd sitt tidsskrift ARKIVRÅD 2/2022 om kvalitetssikringsprosjektet.

[https://www.arkivrad.no/sites/arkivrad/files/arkivrad\\_1\\_2022.pdf](https://www.arkivrad.no/sites/arkivrad/files/arkivrad_1_2022.pdf)

Fotograflærling Piort Cabaj og fagleg leiar Ottar A.B Anderson hadde fagleg innlegg på ABM-konferansen til fylkeskommunen i Kristiansund.



Fotograflærling Piotr Cabaj viser nokre av resultata frå pilotprosjektet under ABM-konferansen i Kristiansund.. Folkedrakt frå samlinga til VITI – Sunnmøre museum.

Foto: Kenneth Staurset Fåne

Fagleg leiar Ottar A.B Anderson heldt innlegg om kvalitetssikringsprosjektet på Institusjonsfotografenes Forening (IFF) sin årskonferanse på Svalbard og Arkivarforeningens vårseminar på Lillestrøm.

#### Faglege besøk hoa SEDAK

No Change – NTNU i Gjøvik, EsR (Early stage researchers), presentasjon og workshop  
UiO – Kulturhistorisk museum, Workshop ICC fargeprofiler

## 5. PERSONVERNOMBOD

### **Oppdragsgivarar**

IKA Møre og Romsdal har i 2022 levert personvernombodsteneste til 23 verksemder: Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane Aukra, Aure, Averøy, Fjord, Giske, Gjemnes, Hareid, Hustadvika, Kristiansund, Molde, Rauma, Rindal, Smøla, Stranda, Sunndal, Surnadal, Sykkylven, Tingvoll, Ulstein, Vestnes, Volda og Ålesund.

Ulstein kommune vart med i personvernombodstenesta 06.04.2022 og Volda kommune 09.05.2022. Eit par av dei resterande eigarane til IKA Møre og Romsdal har vist si interesse for å kjøpe tenesta i framtida.

### **Personvernombod**

Det har i 2022 vore tre personvernombod tilsett i 100 % stilling: Henrik Leknes Syversen, Karen Vanessa Sundgot Gurskevik og Margrete Mork Müller. Karen Vanessa Sundgot Gurskevik er fagansvarleg for personvernombodstenesta. Den eine personvernombodsstillinga var mellombels, men frå oktober vart dette ei fast stilling.

### **Generelt**

Personomboda har som mål å vere gode støttespelarar som kommunane brukar aktivt i personvernrelaterte problemstillingar.

Gjennom personvernombodstenesta får kommunane tilbod om opplæring og varsel om kontrollar av personvernomboda. I tillegg rapporterer personvernomboda årleg til øvste leiing i kommunen. Elles er det langt på veg opp til kommunen å nyttiggjere seg av tenesta, inkludert å etablere rutinar som sikrar at personvernombodet blir involvert i personvernarbeidet i kommunen.

Det er store skilnader mellom kommunane når det gjeld å nyttiggjere seg av tenesta. Fleire av kommunane har etablert faste møtepunkt med personvernombodet. Dette er viktig for å få til eit godt samarbeid med forventningsavklaring og informasjonsutveksling. Det er eit krav etter personvernregelverket at personvernombodet skal bli involvert «på riktig måte og i rett tid». Dette skjer ved at personvernombodet tidleg blir involvert i prosessar som gjeld personvernspørsmål av ei viss betydning. Personvernombodet blir invitert til møte der slike forhold blir diskutert og blir gitt anledning til å delta og stille spørsmål til planlagde behandlinger. På denne måten vil personvernombodet ha ei overordna oversikt over kva prosessar som krev ei særleg vurdering av personvern. Særleg når det gjeld avvik har nokre av kommunane valt å ha automatisk varsling til personvernombodet, og at personvernombodet skal kommentere avviket.

Framleis er det nokre av kommunane i tenesta som ikkje involverer personvernombodet. Personvernombodet har lite eller inga innsikt i personvernarbeidet i desse kommunane.

Grunna store variasjonar i ressursbruk mellom kommunane og eit ønske om å kunne levere ei meir stabil teneste med tanke på utskifting i personalressursar, har personvernomboda utarbeida eit forslag til ny organisering av tenesta. Forslaget som blei presentert for kommunane under fellesmøte 25.01.2023, tek utgangspunkt i at IKA Møre og Romsdal blir registrert som personvernombod for kommunane i Datatilsynet sitt register, og at dei tilsette i tenesta opptrer som personvernkontakter som fordeler arbeidsoppgåvane mellom seg. Planen er ei omstrukturering av personvernombods-tenesta i første halvdel av 2023.

### **Plan for arbeidet med personvern i 2022**

Kvart år får kommunane tilsendt eit forslag til handlingsplan for personvernarbeidet dette året. Ideelt sett skulle kommunane sjølv ha laga utkast til handlingsplan og oversendt denne til personvernombodet, eller eventuelt berre kople på personvernombodet fortløpende. Sistnemte er det ei forventning om uavhengig av handlingsplan. Mange av kommunane er likevel framleis på det stadiet at dei er avhengige av at personvernombodet lagar ein plan for personvernarbeidet i kommunen for at personvern skal vere på dagsorden.

I 2021 la personvernombodet større føringar på kva fokus kommunen skulle ha kvart kvartal når det gjaldt personvernarbeidet, med påfølgande kontrollar. I tillegg fekk kommunane tilbod om opplæring i personvern for alle kommunalt tilsette. Dette viste seg å bli for omfattande for dei fleste av kommunane.

I 2022 har personvernomboda i staden valt å fokusere på opplæring og eit par kontrollar.

Personvernomboda varsla kontroll av rutinar for handtering av avvik, med særleg fokus på vurdering av personvernbroter og manglende etterleiving av krav frå dei registrerte, og av rutinar for førespurnader om innsyn etter personvernforordninga kapittel 3. Personvernombodet sin kontrollerande funksjon inneber at personvernombodet skal undersøke om kommunen har sett i verk eigna tekniske og organisatoriske tiltak, særleg ved risikofylte aktivitetar. Kommunen pliktar å legge til rette for at personvernombodet kan gjennomføre kontrollen. Likevel var det kun halvparten av kommunane som gjorde dette.

Personvernomboda gav tilbod om digital opplæring i personvern til alle tilsette, og valde seg ut nokre grupper for meir inngående opplæring: Praktisk personvern retta mot tilsette i barnehage og skule, og praktisk personvern for tilsette på helsestasjonar, kommunale legesenter, barnevern og skulehelseteneste. Grunna tekniske utfordringar, blei det ikkje gitt opplæring i praktisk personvern til dei utvalde gruppene, med unntak av eit fysisk foredrag om praktisk personvern for helsejukepleiarar i IKT ORKidé-kommunane. Opplæringa for alle tilsette blei gjennomført i 20 kommunar via leverandøren Junglemap. Junglemap sitt konsept er korte e-læringsleksjonar for å auke bevisstheita rundt temaet. Den kommunen med best gjennomføringsstatistikk er Fjord kommune.

### **Personvern er eit leiaransvar**

For at verksemda skal sikre at personopplysningar blir behandla på ein lovleg, sikker og forsvarleg måte, må verksemda ha god internkontroll og informasjonssikkerheit. Personvernregelverket stiller krav til at den som er ansvarleg for behandling av personopplysningar set i verk eigna tekniske og organisatoriske tiltak, for å sikre og påvise at personopplysningar blir behandla i samsvar med regelverket. Internkontroll er leiinga sitt verktøy for å ta i vare ansvaret deira og demonstrere etterleiving av regelverket, og dei tilsette sitt verktøy for å utføre oppgåver på ein forsvarleg og sikker måte. Internkontroll blir i ulike samanhengar kalla kvalitetssystem, styringssystem eller leiingssystem for å etterleve regelverk. Internkontroll er eit leiaransvar.

Leiinga skal årleg gjennomgå sikkerheitsmål, sikkerheitsstrategi og organisering av informasjonssistema. Leiinga skal kontrollere at desse er i samsvar med verksemda sine behov, og eventuelt oppdatere mål, strategi og organisering. Blant anna vil det kunne vere relevant å vurdere resultat frå sikkerheitsrevisionar og kontrollar utført av offentleg mynde, endringar med betydning for drift av informasjonssystemet eller informasjonssikkerheita, om informasjonssikkerheitssystemet bør bli endra og overordna behandling av alvorlege avvik og hendingar. Det må vere klart kven som har roller og ansvar knytt til personvern og sikkerheit internt i verksemda, og kva som ligg i linjeansvar og nøkkelroller som personvernombod, sikkerheitsleiar, IKT-ansvarleg, HR-ansvarleg, prosjektleiar, produkteigar, systemeigar, systemforvaltar osv. Klare ansvars- og myndeforhold blir etablerte med utgangspunkt i avgjersler tatt av leiinga. Rolle- og ansvarsfordeling skal vere dokumentert.

Personvernombodet skal vere ein av deltakarane i leiinga sin gjennomgang. Likevel har personvernomboda kun delteke i leiinga sin gjennomgang i 6 kommunar i 2022. At personvernombodet ikkje deltek i leiinga sin gjennomgang skaper ein organisatorisk avstand mellom personvernombodet og øvste leiing i kommunen.

### **Avvikskultur**

Personvern er ein verdi som er i det offentlege si interesse. Dersom det skjer eit brot på personopplysingssikkerheita (avvik), er den ansvarlege for behandlinga av personopplysningane som hovudregel pliktig å melde avviket til Datatilsynet så snart som mogleg. Likevel er det kun 12 avvik som er blitt melde til Datatilsynet frå kommunane IKA Møre og Romsdal leverer personvernombodsteneste til. Ifølgje fagdirektør og personvernombod i Datatilsynet, Ove Skåra, kan dette låge talet tyde på at kommunane ikkje har ein optimal sikkerheitskultur. Kommunane behandler enorme mengder personopplysningar om innbyggjarane og dei kommunalt tilsette, så at det ikkje har skjedd fleire avvik er ikkje truverdig.

I tillegg til Datatilsynet er media ein viktig kontrollør. Journalistane følger med på kommunane sine postlister, som vil innehalde dei avvika kommunen melder til Datatilsynet og andre tilsynsmynde. Fordi det ikkje er gode nok rutinar for å registrere avvik, er det få omtalte avvik frå kommunane IKA Møre og Romsdal leverer personvernombodsteneste til i media. Heldigvis har omtalte avvik frå andre kommunar bidratt til at kommunane har sett på eigne rutinar og praksis.

Personvernomboda håper at kontrollen av avviksrutinane til kommunane i 2022 vil gjere at fleire kommunar melder avvik i 2023.

## Utmerkingar

Personvernomboda inviterte til fellesmøte for personvernombodstenesta i januar 2023. Personvernomboda nyttar anledninga til å dele ut utmerking for årets kommune 2022 og årets kontaktperson 2022 for første gong. Utmerkinga «Årets kommune 2022» var det Volda kommune som fekk. Volda kommune har utmerka seg særleg positivt med at kommunen si øvste leiing forstår viktigheten av å implementere arbeidet med godt personvern i heile organisasjonen, noko som viser seg i ressursar og prioriteringar til kommunen. Personvern er og blir fortløpende godt integrert i rutinar og system for internkontroll. Volda kommune har personvernressursar i alle einingane i kommunen, noko som blant anna gjer tydeleg og stadtfestar ansvar.



Utmerkinga «Årets kontaktperson 2022» var det Martin Vos i Fjord kommune som fekk. Martin har utmerka seg særleg positivt med å ha eit aktivt forhold til rolla si som kontaktperson for personvernombodet. Martin tek initiativ og følger opp førespurnader frå personvernombodet. Han bidrar til å sikre at personvernombodet kan rådføre og kontrollere at kommunen behandler personopplysningar i tråd med gjeldande regelverk, og sørger for at korrektive tiltak frå kontrollar blir følgjt opp. Som kontaktperson har han jamlege møte med personvernombodet. Martin har òg laga ein video på kommunen sitt intranett, som på ein pedagogisk måte viser kven som er kommunen sitt personvernombod og som informerer dei tilsette om at dette er ein ressurs dei kan nytte.

## Kompetanseheving

Våren 2022 hadde personvernomboda fysisk foredrag om praktisk personvern for helsejukepleiarar og for arkivarar. Hausten 2022 gjennomførte personvernomboda digital opplæring i personvern for tilsette i 20 av kommunane IKA Møre og Romsdal leverer personvernombodsteneste til.




Også personvernomboda har behov for å auke sin kompetanse innan personvern. Personvernomboda er med i Foreningen Personvernombudene, som har medlemsmøte ein måndag i månaden. Her får personvernombod frå offentleg og privat sektor som er med i foreininga foredrag om ulike tema.

Personvernombodet for Møre og Romsdal fylkeskommune, Henrik Leknes Syversen, deltok aktivt i nettverket for fylkeskommunale personvernombod. Nettverket har hatt digitale møter kvar til annenkvar tysdag, i tillegg til fysiske møter ein gang i halvåret. Gjennom nettverket kan personvernomboda ta opp problemstillingar som gjeld fylkeskommunen eller meir generelle saker, som og er relevante for kommunale personvernombod. I nettverket har personvernombodet arbeidd med mal for DPIA, deling av eksisterande malar og annan dokumentasjon. Det er høgt fagleg nivå og høg grad av erfaring blant deltakarane i nettverket, og personvernombodet vurderer nettverket som nyttig.

Kurs og konferansar eit eller fleire av personvernomboda har delteke på i 2022 er:

- Cybersikkerhet – i teori og praksis
- Personvern og kontroll i arbeidslivet
- Tausheitsplikten og personvernet i arbeidslivet
- The 12<sup>th</sup> Annual European Data Protection & Privacy Conference
- Personvernkonferansen 2022



Henrik Leknes Syversen og Karen Vanessa Sundgot Gurskevik deltok på The 12th Annual European Data Protection & Privacy Conference i desember. Foto: Karen Vanessa Sundgot Gurskevik og Henrik Leknes Syversen.

## 6. KONFERANSAR OG ANNA

### 6.1 Kontaktkonferansen 2022

Kontaktkonferansen i Kristiansund vart gjennomført 9. og 10. november 2022 på Scandic Hotell Kristiansund og Caroline kino- og konferansesenter. Dette var fyrste gong sidan 2019 at IKAMR kunne invitere arkivtilsette i Møre og Romsdal til den elles årlege konferansen.

Konferansen var vellukka med omrent 70 deltakarar frå IKAMR, eigarkommunane og andre interkommunale verksemder begge dagane. Vi hadde variert fagleg program fordelt på dei to dagane, inkludert foredrag, paneldebatt, gruppdiskusjonar, IKAMR-standar, felles middag, Mario Kart-turnering, nettverksbygging og sosialt samvær.

Utdeling av prisen Årets arkivar har vore ein fast del av kontaktkonferansen sidan 2017. I 2022 vart prisen delt ut for fjerde gong. Silje Ekroll Riborg, arkivleiar i Ulstein kommune, vart kåra Årets arkivar 2022.

### 6.2 Deltaking på kurs/konferansar

- Deltaking på den årlege kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) i Oslo i september.
- Deltaking på forvaltningsforum – Arkivverket.
- Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv.
- Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta.
- Tillitsvalde har delteke på kurs i regi av Forsker forbundet.

### 6.3 Samarbeid

IKA Møre og Romsdal er representert i samarbeidsrådet til Digitalarkivet og Jan Aakvik er med i Nasjonalbiblioteket sitt rådgjevande utval for kulturarvdigitalisering.

Vi deltek aktivt i KAI ledernetverket og dagleg leiar var del av referansegruppe for strategiprosess for KDRS.

Dagleg leiar sit i styret for Lean Forum Nordvest og LOS Norge (Foreining for lærende organisasjoner). Er fagleg leiar for LOS Norge-konferansen.

## 6.4 Arkheion / AKSESS

Arkheion har gått inn i eit toårig samarbeid med Arkivforbundet og oppretta tidsskriftet AKSESS. Arkheion innkalla i desember 2021 til eit ekstraordinært eigarmøte, som stilte seg positive til at Arkheion skulle delta i ABM-media sitt prøveprosjekt om å etablere eit nytt arkivblad om og for heile sektoren. Prosjektet vil gå føre seg i perioden 2022-2024. Arkheion blir sett på pause i prosjektperioden, og kan dermed takast opp att etter prosjektet.

AKSESS er eit sjølvstendig tidskrift for arkiv og dokumentasjonsforvaltning i Noreg. Tidsskriftet er ein kanal for heile sektoren og har som mål å sette lys på, binde saman og utvikle fagfeltet, samt å gjøre synleg arkiv i den norske allmenta gjennom eit breitt spekter av tema. AKSESS skal drive kritisk journalistikk og gi rom for refleksjon, debatt og erfarringsdeling.

## 6.5 Nettside og sosiale medium

IKA Møre og Romsdal publiserer informasjon via nettsida [www.ikamr.no](http://www.ikamr.no) og Facebook [www.facebook.com/ikamr.no](https://www.facebook.com/ikamr.no). Vi ser vi når breiare ut til publikum ved å nytte Facebook.

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling